



**INNKJØPSSTRATEGI
FOR SULDAL KOMMUNE
2021-2025**

Vedtatt av kommunestyret
23.02.2021 sak 6/21

Innhald

Innleiing	3
Lover og føresegner	3
Terskelverdi og kunngjering	3
Innkjøpsprosessen	4
Organisering	4
Strategi for innkjøpsarbeidet	5
Hovudmål	5
Delmål	5
Suldal kommune skal vere tidleg ute	5
Suldal kommune skal ta samfunnsvar	5
Suldal kommune skal ha god informasjonsflyt	6
Suldal kommune skal samarbeide med andre der det er naturleg	6
Suldal kommune skal vere god på kontraktsoppfølging	6
Suldal kommune skal vidareutvikle bruk av digitale hjelpemidlar	6
Suldal kommune skal legge til rette for leverandørutvikling	6
Særlege krav til bygg- og anlegg	7
Vedlegg – miljøkrav Miljøfyrtårn	8

Innleiing

Innkjøpsstrategien er bindande for innkjøpsarbeidet i Suldal kommune. Strategien omfattar alle tenester og einingar i kommunen. Eventuelle tiltak relatert til innkjøpsstrategien skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett- og handlingsprogram. Strategien bør reviderast i kvar valperiode.

Lover og føresegner

Suldal kommune må følgja lov og forskrift om offentleg anskaffingar. I lov og forskrift er det krav om likebehandling av leverandørane. Det står og at kommunane må ta omsyn til miljø, menneskerettar, løns- og arbeidsvilkår og universell utforming.

Dei viktigaste lover og føresegner for offentlige innkjøp:

- Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven) (**LOA**)
- Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften) (**FOA**)
- Forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser (Klagenemnd = KOFA)
- Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter
- Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter

Terskelverdi og kunngjering

Korleis du skal gjennomføre kjøpet avheng av størrelsen på kjøpet (terskelverdien). Terskelverdiane blir endra med jamne mellomrom.

Dette er terskelverdiane per 12.02.2020:


- Lova og forskrift for offentlege anskaffingar gjeld ikkje for kjøp under NOK 100.000,- eksklusiv mva. Du bør likevel vurdere å innhente tilbud frå fleire. Krav til omfang og dokumentasjon aukar med størrelsen på kjøpet.
- For alle kjøp mellom NOK 100.000,- og kr 1.300.000,- eksklusiv mva må du innhente tilbud i frå 3 leverandørar. Tilbydarar må levere inn egenerklæringskjema på at dei har skatte og mva-attest utan restanse. I tillegg så må tilbydar levere inn ei HMS-erklæring. Du må føre protokoll.
- Du må kunngjere alle kjøp mellom NOK 1.300.000,- nasjonalt.
- Du må kunngjere alle kjøp over NOK 2.050.000,- eksklusiv mva i EØS-området. For bygg og anlegg så er terskelverdien på NOK 51.500.000,- for kunngjering i EØS-området.

Ved gjentakande kjøp av same produkt eller produktsortiment så blir terskelverdien berekna til summen av kjøp over ein periode på (vanlegvis) 4 år.

Det er eigne reglar for helse- og sosialtenester. For alle kjøp under NOK 7.200.000,- er det nok at du innhentar tilbud i frå 3 leverandørar.

Innkjøpsprosessen

Direktoratet for forvaltning og ikt (DIFI) har laga følgjande plansje:



Mange kommunar bruker for mykje tid på konkurransegjennomføringa og for liten tid på planleggingsfasen og kontraktoppfølginga (jf. DIFI). Du må sjå på tid brukt på innkjøpsprosessen i samanheng med kostnadene (forholdsmessighetsprinsippet).

Organisering

Kommunedirektøren har det overordna ansvar for innkjøp. Rådgivar (**innkjøpsansvarleg**) hjelper til med alle stega i anskaffelsesprosessen og han skal vere oppdatert på regelverket til ein kvar tid. Einingsleiarar (**leiar**) med budsjettmynde og innkjøpar (**bestillar**) må vere kjent med innkjøpsstrategien, lovverk, rutinar og avtalar.

Suldal kommune er med i innkjøpsamarbeidet på Haugalandet, som består av kommunane på Haugalandet og Suldal og Sauda kommune i Ryfylke. Innkjøpsamarbeidet utfører vare- og tenestekonkuransar som kommunane ønsker å gjere i fellesskapet. For IT-prosjekt blir det gjort innkjøp gjennom IT-samarbeidet Strand, Hjelmeland, Sauda og Suldal. Strand kommune har innkjøpsansvaret

Bygg- og eigeomssjefen har ansvar for kommunale investeringsprosjekt. Anbudsprosessar bygg og anlegg blir utført i samarbeid med konsultentselskap som vi har rammeavtale med.

Strategi for innkjøpsarbeidet

Hovudmål

Suldal kommune skal gjennom gode innkjøp sikre betre tenester, berekraftig utvikling, betre sosiale forhold og økonomisk handlingsrom.

Delmål

For å oppnå gode innkjøp så har Suldal kommune følgjande strategiar med underpunkt:

Suldal kommune skal vere tidleg ute

- Kommunen skal førebu ny konkurranse i god tid før den gamle kontrakten går ut
- Kommunen skal vurdere om det behov for å kjøpe nytt eller om ein kan løyse innkjøpet på andre måtar.
- Kommunen skal ha klar ein modell for vurdering av tilboda før konkurransen blir lyst ut
- Kommunen skal etablera tverrfaglege innkjøpsteam når det er naturleg
- Kommunen skal ta kontakt med marknaden / potensielle leverandørar på eit tidleg tidspunkt for å få vurdert i kva grad marknaden er klar for nye krav/endringar, medrekna strengare miljøkrav.
- Suldal kommune skal ha høg kompetanse innan innkjøpsfaget
- Innkjøpsansvarleg skal vere fagleg oppdatert til ein kvar tid
- Leiar og bestillar skal få opplæring i korleis gjennomføre gode innkjøp
- Kommunen skal ha færre og meir profesjonelle bestillarar

Suldal kommune skal ta samfunnsvar

- Kommunen skal stille krav til økonomi-, miljø-, etikk og arbeidsvilkår i alle konkurransar
- Kommunen skal legge vekt på livssykluskostnaden ved gjennomføring av konkurransen
- Kommunen skal nytte kriteria som vektlegg samfunnstryggleik-/utvikling, nærleik og/eller personleg service i konkurransar der det er naturleg
- Kommunen skal vurdere å dele opp konkurransen geografisk eller på anna måte der det er naturleg
- Kommunen er ein Fairtrade kommune. FLO er den einaste internasjonale og uavhengige merkeordninga som garanterer at arbeidarane og bønder i utviklingsland får gode handels- og salsvilkår og trygge sosiale vilkår. Suldal kommune skal nytte fairtrade-produkt der det er mogleg/naturleg.
- Kommunen skal vere eit Miljøfyrtårn. Kommunen skal i eigne konkurransar stille krav om at større leverandørar skal ha eller få eit sertifisert miljøleingsystem. Kommunen skal etterspørja og kjøpa meir miljømerka produkt i dei konkurransar kor det er naturleg. Kommunen skal også setje andre naturlege miljøkrav. Kommunen skal arbeide for at våre innkjøpssamarbeid skal gjer det same.
- Kommunen skal vurdere å vere med på merkeordningar der det er naturleg
- Kommunen skal følgja opp kravet om varslingsrutinar i innkjøpsarbeidet. Rutinane skal vera med på å sikra at Suldal kommune opptrer profesjonelt
- Kommunen skal stilla krav om lærling der det er naturleg. Det er eit mål at 7% av arbeidet blir gjort av lærlingar i større selskap.
- Kommunen skal leggja til rette slik at arbeids og inkluderingsbedrifter kan delta i anbud der det er naturleg

Suldal kommune skal ha god informasjonsflyt

- Kommunen skal ha oppdatert informasjon om innkjøp på nettet
- Kommunen skal ha ein samla oversikt over avtaler. Alle avtaler over kr 100.000,- skal arkiverast i kommunens sak/arkiv-system
- Kommunen skal vere god på å informere sine eigne tilsette, kundar og næringslivet både lokalt og generelt.

Suldal kommune skal samarbeide med andre der det er naturleg

- Kommunen skal delta aktivt i innkjøpssamarbeidet i regionen.
- Kommunen skal vere med på regionale rammeavtaler der det er naturleg

Suldal kommune skal vere god på kontraktsoppfølging

- Kommunen skal ha eit oppstartsmøte i starten av kontraksperioden
- Alle større avtaler bør følgjast opp årleg avhengig av størrelse og kompleksitet
- Kommunen skal ha ein samleevaluering i slutten av avtaleperioden.
- Kommunen skal ha gode rutinar for reklamasjon ved forseinking eller mangelfull levering
- Einingane er forplikta til å nytte inngåtte avtaler
- Kommunen skal ha gode bestillingsløyserar

Suldal kommune skal vidareutvikle bruk av digitale hjelpemiddel

- Alle konkurransar og all fakturering skal skje elektronisk i samsvar med nasjonale standardar. Alle fakturaer skal vere merka med eininga sin referanse.
- Alle bestillingar skal skje elektronisk der det er naturleg
- Kommunen skal vurdere elektroniske lagerløyserar der det er naturleg
- Kommunen skal arbeida for å digitalisere oppfølging av kontraktane

Suldal kommune skal legge til rette for leverandørutvikling





- Kommunen skal vurdere å nytte konkurranse med forhandling i alle konkurransar
- Kommunen skal vurdere å nytta innovasjon som kriteria i konkurransar kor det er naturleg
- Kommunen skal utnytte handlingsrommet i loven og leggja til rette for at lokale bedrifter kan delta i konkurransen. Under elles like forhold skal lokale verksemdar prioriterast.
- Kommunen skal prøve å få store leverandørar til å bruke små lokale underleverandørar der det er naturleg
- I etablerte samarbeid mellom kommunen og leverandørar av varer og tenester bør innkjøp vere tema
- Kommunen skal ha tett dialog med næringslivet gjennom næringslivsorganisasjonar og Suldal Vekst.

Særlege krav til bygg- og anlegg

For å redusere sosial dumping og arbeidslivskriminalitet har Suldal kommune satt spesielle krav til bygg- og anleggskonkurransar over 2 millionar kr eksklusiv mva. Krava gjelder også vare- og tenestekonkurransar der det er naturleg. Lov og forskrift gjeld naturlegvis alle konkurransar uavhengig av beløpsgrense.

1. Tilbydar skal dokumentere at majoriteten av dei tilsette har fagbrev innanfor sitt fagområde.
2. Tilbydar må grunngjeve skriftleg eventuell avtale om underentreprise med enkeltmannsføretak eller bruk av innleigd arbeidskraft. Arbeidskrafta skal vere innleigd i samsvar med arbeidsmiljølova § 14-12a og §14-13.
3. Norsk er hovudspråk på byggeplassen, både skriftleg og munnleg. Minst ein person på kvart arbeidslag må vere god i norsk.
4. Det skal aldri vere meir enn to ledd i kontraktskjeden.
5. Tilbydarar og underleverandørar bør vera godkjente og aktive lærlingbedrifter. Kravet gjeld ikkje enkeltmannsføretak og bedrifter med mindre enn 5 tilsette.
6. Tilbydar er ansvarleg for å rapportere om bruk av utanlandsk arbeidskraft i alle ledd i kontraktskjeden. Tilbydar må legge fram kopi av innsendt melding for den enkelte utanlandske oppdragstakar eller utanlandske arbeidstakar.
7. Lønn og anna godtgjering for alle tilsette skal bli betalt til konto i ein norsk bank.
8. Tilbydar skal dokumentere at alle tilsette på byggeplassen har gyldig yrkesskadeforsikring.
9. Tilbydar må stadfeste at alle tilsette på byggeplassen har lønn- og arbeidsvilkår som oppfyller § 5 i forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.
10. Tilbydar må fyller ut eigenerklæring om at ILO-konvensjonen nr 94 blir oppfylt.
11. Byggherren kan krevje dagmulkt av tilbydar dersom tilbydar eller underentreprenøren har ulovleg eller ikkje kontraktsfesta arbeidskraft og forholdet ikkje har blitt retta innan ein gitt frist. Mulкта gjeld frå fristen går ut til forholdet har blitt retta. Mulкта skal utgjere ein promille av kontraktssummen, men ikkje mindre enn kr. 2 000,- pr. kvardag. Dersom tilbydar ikkje har retta feilen innan utløp av fristen, så kan byggherren heve kontrakten og gje tilbydar 2 år karantene.

Vedlegg – miljøkrav Miljøfyrtårn

Tema	Miljøkrav	Kommentar
Miljøledelse	<p>Der det er relevant, etterspør et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende. Dokumentasjon kan være et gyldig sertifikat.</p> 	<p>Krav om miljøledelse kan være et kvalifikasjon-, tildeling- eller kontraktkrav og beskriver hvordan virksomheten leder og utvikler sitt miljøarbeid på en systematisk måte.</p>
Miljøledelse	<p>Ved inngåelse av nye sentrale innkjøpsavtaler som gjelder over flere år, skal det vurderes å ta inn i kontrakten krav om at leverandøren innen ett til to år etter kontraktsinngåelse, skal være miljøsertifisert gjennom en av de sertifiserte miljøsertifiseringsordningene (Miljøfyrtårn, ISO-14001, EMAS eller tilsvarende).</p>	<p>Hovedelementene i vurderingen som må tas med, er for eksempel kontraktens verdi, varighet og vesentlighetsvurdering mht. miljøeffektene av avtalen.</p>
Tredjeparts miljømerkede produkter	<p>Virksomheten skal påvirke sine vareleverandører til å fremskaffe:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Informasjon om tredjeparts miljømerkede produkter i produktspekteret, for eksempel i varekatalog, på internett, eller egne lister. 2. Overlevere årlig statistikk over antall tredjeparts miljømerkede produkter som er kjøpt av virksomheten. 	<p>For at det skal være enklere å velge tredjeparts miljømerkede produkter, bør du først stille krav til vareleverandøren din. Dette kan gjøres ved å stille miljøkrav til dine vareleverandører i for eksempel prekvalifisering / kvalifikasjon / tildeling / kontraktsfasen.</p>
Tredjeparts miljømerkede produkter	<p>Vi velger tilgjengelige tredjeparts miljømerkede varer i markedet, som for eksempel Svanen, EU-blomsten, Bra Miljøval, Blå Engel m.m.. Se etter merker som:</p> 	<p>Når rammeavtale er inngått skal tredjeparts miljømerkede produkter foretrekkes. Ved å stille krav om tredjeparts miljømerkede produkter i kravspesifikasjonen, vil det i større grad være mulig for brukerne å velge miljømerkede produkter når kontrakt er inngått.</p>
Tredjeparts miljømerkede produkter - innenfor mat- og drikkevarer	<p>Vi velger økologiske og FairTrade-merkede mat- og drikkevarer, MSC-bærekraftig sjømat og ASC-miljømerket oppdrettsfisk. Se etter merker som:</p> 	
Tredjeparts miljømerkede produkter	<p>Vi velger FSC-merkede trebaserte varer eller Økotex tekstiler, der det ikke finnes alternativer som Svanen og EU Ecolabel.</p> 	<p>http://www.anskaffelser.no/miljo/mer-om-miljo-i-offentlige-anskaffelser/miljomerker-og-sertifiseringer</p>
Produsent-Ansvar	<p>Produsent og/eller importør skal være medlem av et returselskap og betale inn et miljøgebyr som skal dekke de kostnadene forbundet med å samle inn og gjenvinne emballasjen eller produktene de setter ut på markedet.</p>	<p>https://sortere.no/avfallsbransjen/godkjente-returselskaper</p>
Produkt	<p>Vi sjekker hva som finnes av miljødeklarte produkter på www.epd-norge.no (EPD-produkter sertifisert etter ISO-standard, som norske firma har fått godkjent).</p>	
Produkt	<p>Det skal ikke benyttes tropisk tømmer eller trevirke med tropisk tømmer dersom det ikke kan dokumenteres ved pålitelige sertifiseringsordninger, at tømmeret eller trevirket stammer fra bærekraftig og lovlig hogst (FSC merket).</p>	

Produkt	Vi kjøper ikke produkter som inneholder tilsatt mikroplast.	Her anbefales tredjeparts miljømerker som har krav til mikroplast.
Produkt	Vi kjøper, så langt det er mulig, ikke produkter som inneholder palmeolje.	https://www.regnskog.no/no/hva-du-kan-gjore/bruk-mindre-palmeolje/palmeoljequiden
Produkt	Vi unngår produkter som inneholder kjemikalier som står oppført på myndighetenes prioriteringsliste (REACH).	Be leverandør bekrefte fravær av alle allergifremkallende, kreftfremkallende og andre farlige kjemikalieforbindinger i de produkter som tilbys, ihht myndighetenes prioritetsliste, og EUs kandidatliste. (...) https://miljostatus.miljodirektoratet.no/ema/miljogifter/prioriterte-miljogifter/om-prioriterte-miljogifter/ EUs kandidatliste: Kandidatlisten er en liste de europeiske kjemikaliemyndighetene (ECHA) har opprettet over stoffer med særlig alvorlige helse- og miljøfarlige egenskaper http://www.echa.europa.eu/chem_data/authorisation_process/candidate_list_able_en.asp . Se http://www.erdetfarlig.no/no/farlige-stoffer/
Produkt	Der det ikke finnes tredjeparts miljømerkede produkter, søker vi etter produkter/kjemikalier på markedet som er bedre for helse og miljø (substitusjonsplikten jf. Produktkontrollloven § 3 a.).	
Produkt	God kvalitet, lang levetid og gjenbruksmuligheter skal alltid vektlegges.	
Produkt	Produktene skal ha minimal emballasje ved levering. Dersom oppdragsgiver anmoder det, plikter leverandøren å fjerne all emballasje tilhørende leverte produkter fra oppdragsgivers område og håndtere dette på forsvarlig måte.	
Maskiner og utstyr	Vi velger maskiner og utstyr med lavt støynivå, lavt energibruk og vannforbruk, samt andre innsatsfaktorer med lav miljøbelastning.	
Lokaler	Ved flytting eller bytting av lokaler skal det stilles miljøkrav til byggeier. Energieffektiv drift (etter spør energiattest) og installasjoner, og gode kildesorteringsløsninger skal vektlegges.	
Kantinedrift	Ved matservering begrenser vi kjøttforbruket ved å tilby gode vegetariske alternativer og ved å bevisst å velge retter uten/eller med lite kjøtt. Vi kartlegger og måler matsvinnet innenfor lager, tilberedning, servering og tallerkensvinn for å bli bevisst hvor matsvinnet oppstår. Vi iverksette tiltak som forebygger og reduserer mengde matsvinn som oppstår i kantinedriften. Hvis kjøper kantinetjenester stiller vi miljøkrav til matsvinn.	Matsvinn er definert som alle nyttbare deler av mat produsert for mennesker, men som enten kastes eller tas ut av matkjeden til andre formål enn menneskeføde, fra tidspunktet når dyr og planter er slaktet eller høstet. Matavfall er definert som alt organisk materiale som ikke skal spises, men som oppstår i forbindelse med produksjon av mat som avskjær, skall, bein etc. For veiledning vedrørende matsvinn klikk. http://www.matvett.no/bransje Samt Difis veileder for matsvinn.

Se bærekraftsveileder;

<https://www.miljofyrtarn.no/miljokrav/>, <https://www.miljofyrtarn.no/virksomhet/sertifisering/tips-og-verktoy/veileder-baerekraftige-offentlig-innkjop/>